

Adressat

## Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av forslag til planprogram: PlanID 20260001, økogrend på Meisingset i Tingvoll kommune

Med heimel i plan- og bygningslova §12-8, varslar vi oppstart av arbeidet med å detaljregulere for økogrend med om lag 30 bustader og diverse fellesfunksjonar på g.nr./b.nr. 93/1, Seterlia. Ein del naboeigedomar kan i tillegg bli berørt ved oppgradering av tilkomstveg innanfor planen. Dette gjeld gnr. 93. br.nr. 2, 5, 6, 7, 12, 15, 16 og 17.




Fig. 1 Planområdet si plassering i Tingvoll kommune




Fig. 2 Planarealet på Meisingset

Planarealet er vist som LNF-areal i kommuneplanen sin arealdel (20130002). I oppstartsmøtet var forslagsstillar og Tingvoll kommune einige om at planen utløyser krav om KU jfr. §6 b) i KU-forskrifta, sidan pkt. 25 i Vedlegg 1, spesifikt stiller krav om KU for «Nye bolig- og fritidsboligområder som ikke er i samsvar med overordnet plan». Derfor varslar vi også høyring av forslag til planprogram (jfr. plb §12-9) i samband med at det vert varsla oppstart av planarbeidet. I planprogrammet er planane for økogrenda nærare omtalt.

Det er endå ikkje avgjort om økogrenda treng ny avkøyrslø frå riksvegen, og derfor inkluderer plangrensa areal til frisiktsoner både mot aust og vest i dette varselet. Førabels planareal som vist på fig. 2 er på 274 Daa, men arealet vil bli vesentleg redusert i den endelege planen når tilkomstvegen opp gjennom planarealet, og areala til tomter er avgrensa.

3Dsmia ved Åse Bergset skal utarbeide planen på vegne Henny Marit Turøy, som er grunneigar og tiltakshavar. Vi vurderer å køyre parallell planprosess og byggesak (jfr. Plb §12-15), og i så fall vil ikkje berørte partar få nabovarsel i eiga byggesak når planforslaget er ute på høyring seinare i planprosessen, (jfr. Plb §12-10, 3. ledd).

Dette skrivet blir sendt til aktuelle offentlege etatar på e-post, og berørte eigedomar og naboar får brev i posten. I tillegg vil oppstart av planarbeidet bli annonsert i Aura Avis og på Tingvoll kommune si heimeside: <https://www.tingvoll.kommune.no/administrasjon/innsyn/planer-og-horingsdokumenter>.

Der kan du også finne kopi av forslag til planprogram, planinitiativ og referat frå oppstartsmøtet med kommunen, samt førebels skisseprosjekt for økogrenda.

Spørsmål eller innspel til planarbeidet eller planprogrammet kan rettast til Åse Bergset på e-post: [post@3dsmia.no](mailto:post@3dsmia.no). **Frist for å kome med innspel er 23.04.2026.**

Valsøybotn, 05.03.2026

Med venleg helsing,



Åse Bergset

**3Dsmia**